



Lindås kommune  
v/Øystein Sørhaug  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

## KNARVIK

### VIDAREGÅANDE SKULE

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
30. 05. 2016	
Ark/saknr	1b/268
Saksnr	25. mai 2016

## Søknad om prosjektmidler til utvikling av entreprenørskap

Prosjektperiode: 01.08.16-31.07.17

### Bakgrunn

Ulike studiar syner at Nordhordland er därleg på entreprenørskap (sjå t.d. «Erfaring med entreprenørskap og regional utvikling i Nordhordland», Sondre Sognnes Haugen, Master i økonomisk geografi, Institutt for Geografi, Universitetet i Bergen 2014). Ved Knarvik vidaregåande skule har vi fått leiinga si side prøvd å få i gang entreprenørskap og elevbedrifter i fleire år. Men vi har lukkast i liten grad. Vi hadde eitt vellukka elevbedriftprosjekt for ca 10 år sidan, men sidan faglærar og primus motor, Jan Thorbjørnsen, var ganske åleine om dette, har vi ikkje fått dette til fleire gongar.

Vi meiner også at den rettleiinga vi har fått frå Ungt Entreprenørskap har vore god, men har ikkje stett vårt ønskje om meir rettleiing undervegs.

Men dette skuleåret har vi lukkast! På Vg 1 TP har vi hatt ca 50 av 75 elevar som har deltatt i arbeidet med elevbedrifter. I år har vi lukkast fordi Jan Thorbjørnsen har hatt med seg to andre lærarar, Øyvind Hopsdal og Katrine Molvik, i arbeidet. Elevbedriftene har vore svært vellukka og ei av dei vant i tillegg Hordalandsprisen for mest innovative bedrift. Vi har i år tydeleg sett kor viktig det er å ha ildsjelar med oss for å utvikla entreprenørskap ved skulen. Dei involverte lærarane dette skuleåret har også innleia eit fruktbart samarbeid med andre lærarar som underviser i entreprenørskap utan å setja i gong med elevbedrifter. Vi opplever at det samarbeidet fleire lærarar no har sett i gong om entreprenørskap, kan vera med å legga grunnen for at vi no vil greia å få ei skikkeleg satsing på eit viktig utviklingsområde både for skulen og regionen.

### Mål

Etablere å utvikle entreprenørskap på Knarvik vidaregåande skule med mål om å ha minst ei elevbedrift innanfor YF kvart år. Bygga opp kompetansen i entreprenørskap på skulen ved å henta inn eksterne ressurspersonar og legga til rette for samarbeid på tvers av programområda. Utvikla rettleiarkompetanse i entreprenørskap som kan nyttast av andre skular (ungdomsskular og vidaregåande skular) i Nordhordland.

Postadresse	Besøksadresse	E-post	Telefon
Knarvik vidaregåande skule Juvikstølen 9 og 5916 Isdalstø	Juvikstølen 9 og Kvernhusmyrane 2, Knarvik	<a href="mailto:post.knv@hfk.no">post.knv@hfk.no</a> <a href="http://knv.hfk.no">http://knv.hfk.no</a>	56 35 54 00 56 35 54 01
		Web	Telefax

## Gjennomføring

Knarvik vidaregåande skule vil setja av ressurs til oppretting av ei gruppe på Vg 1 TP som skal etablera ei elevbedrift. Arbeidet med dette skal primært leggast til faget Prosjekt til fordjupning (6 veketimar). Læraren i denne gruppa skal vera Jan Thorbjørnsen som både har formell utdanning i entreprenørskap og som har vore med på to svært vellukka prosjekt med oppretting av elevbedrift ved Knarvik vidaregåande skule, seinast dette skuleåret.

Vi ønskjer at han skal få mogelegheita til å samarbeida med Katrine Molvik som var lærar ved skulen dette skuleåret, deltok i det store entreprenørskapsprosjektet og fekk årrets gründarpris i Noreg. I det prosjektet vi nå søker om, skal desse to personane arbeida tett saman og vidareutvikla ulike sider ved entreprenørskap slik som dei fekk det prøvd ut inneverande skuleår. Dei skal no konsentrera seg om færre elevar enn inneverande skuleår og fokusera meir på modellar for utvikling av entreprenørskap og elevbedrift.

Vi ønskjer også at dei skal samarbeida med to lærarar frå Sal og service og som har røynsle frå undervisning i Entreprenørskap på Studiespesialisering. Vi vonar at vi gjennom dette fokuset på samarbeidet blant desse lærarane vil få opparbeidd ein kompetanse i eit «retteliarkorps» som vil kunna hjelpe til meir konkret på vår eigen og andre skular.

Vi vil også undersøka korleis vi kan knytta arbeidet med etablering av elevbedrift tettare opp mot fleire av våre samarbeidsbedrifter.

## Økonomi

### Utgifter

Emne	Kostnader	Merknad
Lærar i faget PFO i 6 veketimar i eitt år	150.000	Inkl. sos. utgifter
Ressurslærar ( 3 veketimar i eitt år)	100.000	Kjøpt teneste
Samarbeidsmøte mellom lærarane	50.000	Møtegodtgjering

### Inntekter

Emne	Kostnader	Merknad
Knarvik vidaregåande skule	150.000	Inkl. sos. utgifter
Ekstern finansiering	150.000	Søknader vert sendt til Sparebanken Vest, Hordaland fylkeskommune, Nordhordland Næringslag og Lindås kommune

Postadresse	Besøksadresse	E-post	Telefon
Knarvik vidaregåande skule Juvikstølen 9 5916 Isdalstø	Juvikstølen 9 og Kvernhusmyrane 2, Knarvik	<a href="mailto:post.knv@hfk.no">post.knv@hfk.no</a> <a href="http://knv.hfk.no">http://knv.hfk.no</a>	56 35 54 00 Telefax 56 35 54 01

## **Evaluering**

Vi planlegg ikkje noko tung prosjektorganisering rundt dette prosjektet, men vil etablera to faste møte med vår viktigaste samarbeidspartner, Nordhordland Næringslag. Det skal vera ei undervegsverdering i januar 2017 og ei sluttevaluering av resultatet av april 2017. Her skal vi også sjå korleis prosjektet kan videreførast og korleis den vidare finansieringa kan sikrast vidare, anten som ei forlenging av prosjektperioden med eitt år eller som påbegynning av ein driftfase for denne organiseringa.

## **Driftfase**

Knarvik vidaregåande skule skal etter eitt år kunna halda fram med entreprenørskap og elevbedrift på minst eitt programområde kvart år etter slutten på prosjektperioden. Vi vil også tilby rettleiartenester på desse områda til andre vidaregåande skular i regionen og til ungdomsskular.

## **SØKNAD**

**Vi tillet oss å søka Lindås kommune om kr 50000 i støtte til dette prosjektet**



Svein Magne Ellingsen  
Rektor



Bjørn Brekkan  
pedagogisk leiar

Postadresse	Besøksadresse	E-post	Telefon
Knarvik vidaregåande skule Juvikstølen 9 5916 Istdalstø	Juvikstølen 9 og Kvernhusmyrane 2, Knarvik	<a href="mailto:post.knv@hfk.no">post.knv@hfk.no</a> <a href="http://knv.hfk.no">http://knv.hfk.no</a>	56 35 54 00 Telefax 56 35 54 01